



Referat FAU-møte 17.01.24

Tilstades:

Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Elena M Sikveland, Serina F Sikveland, Øyvind Søyland, Knut Undheim.

Sak 13/23 Ekstraordinær skulesituasjon

Gjennomgang av dialogmøte med skuleeigar og lokalpolitikarar 10.01. dei ein samsnakka om den ustabile personalsituasjonen særleg på mellomtrinnet. Særleg har ein presisert behovet for meir og betre informasjon ut til foreldra og generelt betre samhandling over heile linja; skuleiegar-skule-FAU-foreldre. Konkrete tiltak frå kommunen er å auka den administrative delen av nyleg uttlyst stilling som avdelingsleiar frå 30-80%, 20% av stillinga er teknisk sett flytta frå andre skular i kommunen. Vidare vil kvalifiserte lærarar ved Undheim skule få eit lønstillegg f.o.m. 01.08.24 – såkalla 'undheimstillegg'.

FAU ser eit ekstraordinært foreldremøte, jf førre FAU-møte, som mindre nyttig slik situasjonen har utvikla seg inkl. dei tiltaka som er sette i verk frå skuleeigar. Dei skisserte spørsmåla, jf igjen førre referat, kan vera aktuelle å ta med til foreldremøte i april. Fokus vidare vert på konstruktivt samarbeid med nåverande og ny skuleleiing om så god overgang som mulig.

Sak 15/23 Informasjon til foreldre

FAU-representantane saknar meir tilbakemeldingar og engasjement frå foreldregruppene. Ei tilnærming kan vera meir jevnleg kontakt mellom FAU-rep og foreldrekontaktane i dei respektive klassane. Inntrykk av at få får med seg FAU-referat som per nå kun kjem ut på skulen sine heimesider. Uheldig at FAU-referata forsvinn frå heimesidene etter eitt år – vanskeleg å gå tilbake i 'arkivet'. SU-referat vert ikkje lagde ut i det heile. Forslag om at FAU òg får nytta Visma som informasjonskanal. Evt FAU eiga fane inkl arkiv og innspel frå foreldre? Ein tek sikte på å drøfta dette vidare med skulen/skuleeigar.

Sak 10/23 Innkomne saker

- Foreldre saknar halvårsvurderingar – uklart kva rutine skulen har på dette.

Referent Knut Undheim, sekretær FAU